

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 04.02.2007
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Hilde Christiansen
Saka gjeld: **Forlik arbeidstvistsak – praktisering av pensjonggivande tillegg**

Styremøte 14.02.2007

Administrerende direktør si orientering pkt. 10

Bakgrunn:

NAVO blei stevna for Arbeidsretten av NSF og LO-Stat i forbindelse med foreståinga og praktiseringa av bestemmelse vedkommande pensjonggivande tillegg for variable tillegg som del av A2 overenskomstane.

Praksis ved mange helseføretak har frå 2002 vert omlagt slik at ein har utbetalt ubekvemstillegg for dei vakter den einskilde medarbeidar har arbeida. Tidligere praksis og forståing av overenskomstanes bestemmelser var knytta til praksis i KS. Utgangspunktet for avtale i KS var at ein ville unngå svært krevjande innhenting av variable data og timelisteoppfylgjing. Ein blei derfor einige om at ein i tillegg til ordinære lønstrinn oppretta såkalla T-trinn, lønstrinn som skulle nyttast til fast betaling av ubekvemstillegg. I tillegg skulle ordninga gi direkte pensjonggivande tillegg med utgangspunkt i at desse T-trinna blei gjort til faste tillegg. I tillegg skulle ikkje endringar i arbeidsplanar for kortare tidsrom enn 6 uker føra til trekk i tillegg.

Helseføretaka har siden tatt i bruk teknologi som gjer det enklare å henta inn variable tillegg, ubekvemstillegg med meir. Helseføretaka endra såleis praksis til å utbetala tillegg i tråd med faktisk arbeida tid/vakter.

Etter lang tids hansaming mellom NAVO og forbunda blei det 21. desember 2006 inngått et forlik. Forliket inneber at helseføretak som har lagt om praksisen må etterbetala og etterberekna tillegg i tråd med forliket tilbake til 01.01.2003. Etterbetaling skal ikkje omfatta tilsette som er sluttført før 31.12.2004. Etterbetalingsbeløpet er satt til 3% av det som er utbetalt av de tillegg som er omfatta av forliket. Etterbetaling skal skje sinast i forbindelse med lønsutbetalinga i april 2007.

I tillegg skal det skje ein etterregulering av pensjongsgrunnlaget for dei som har gått av med pensjon etter 31.12.2004 med eventuell etterregulering og oppjustering av

pensjonsgrunnlaget. Forutsetningen for dette er at samla etterbetaling utgjør kr. 1.000,- eller meir, (for den einskilde tilsette). Oppjusteringa skal vera gjennomført innan 01.07.2007.

Konsekvensar for føretaksgruppa Helse Vest

Forliket utgjør ein stor ekstrakostnad for helseføretaka. Forliket forelåg heilt i siste del av desember månad 2006, noko som gjer det ekstra utfordrande i forhold til resultatet i 2006. Det er kritisk viktig å sikra at eventuelle liknande prosessar blir handsama på ein tilfredsstillande måte i forhold til eventuelle avsetningar. Helse Vest vil anbefala helseføretaka at dei så tidleg som mogleg i tvistesaker som angår forståing av tariffavtalar avklarar korleis ein skal handsama eventuelle økonomiske konsekvensar dersom ein ikkje skulle få medhald i si forståing/praktisering.

Det er foretatt ein berekning av NAVO over kostnadene til forliket. I tillegg har Helse Vest bedt det einskilde helseføretak berekna dei økonomiske konsekvensane tilsvarande. Kostnadene framstår slik etter berekning frå NAVO/helseføretaka:

Helse Stavanger	Kr 11,9 mill
Helse Fonna	Kr 6,2 mill
Helse Bergen	Kr 26,5 mill
<u>Helse Førde</u>	<u>Kr 3,1 mill</u>
	Kr 47,7 mill (inkl. sos. kostnader)

Kostnadene for Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Førde er basert på deira egne berekningar. For Helse Bergen har vi brukt Navo sine berekningar. Dei anslår at Helse Bergen sin kostnad vil kome på om lag kr 26,5 mill inkl. sosiale avgifter.

Det vil vera eit svært krevjande arbeid med gjennomgang av faktisk arbeida tid og det den einskilde har fått utbetalt i forhold til ulike turnusar som kan ha endra seg i løpet av den perioden denne saka omhandlar.

NAVO har arbeid for å finna løysingar som kunne ivareta ei løysing av tvisten samstundes som ein fekk på plass ordningar som tar hensyn til at ein nå har heilt andre moglegheiter for å innhenta korrekte og rettidige lønnsdata. Det er viktig å påpeika at den einskilde tilsette har fått utbetalt for dei faktiske timar dei har hatt ulike vaktar, men at forliket baserar seg på ei etablert avtale tilbake til KS avtalane.